Tilsette som er omfatta av den innskotsbaserte pensjonsordninga har krav på privat AFP som er eit livsvarig tillegg til alderspensjonen frå Folketrygda, ref. AFP-tilskottsloven kap. 2. Denne AFP-ordninga vert finansiert ved at staten gir eit tilskot som utgjer 1/3 av pensjonen, medan arbeidsgjevar dekker det resterande. AFP-ordninga vert rekneskapsført som ei innskotsordning. Ordninga vert administrert av rettssubjektet Fellyesordningen for avtalefestet pensjon. I 2018 og 2017 utgjorde årleg tilskot 2,5 % av løn mellom 1 G og 7,1 G som er innrapportert til Skattedirektoratet pr. tilsett i ordninga.

Aktuarielle berekningar

Pensjonskassa er administrert av Gabler Pension Services AS og aktuarberekningar er utført av aktuar i dette selskapet. Pensjonskostnaden er berekna i samsvar med IAS19. Det har som konsekvens at alle avvik frå estimat vert amortisert straks og ført rett mot eigenkapitalen.

Økonomiske føresetnader

Diskonteringsrenta er satt med grunnlag i obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). SFE har vurdert at marknaden for obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) oppfyller krava i IAS 19.83 til foretaksobligasjonar med høg kvalitet og tilstrekkeleg likvid marknad.

Dei økonomiske føresetnadane framkjem av tabell nedanfor. Norsk Regnskapsstiftelse har primo januar 2019 fastsatt veiledande føresetnader pr. 31 desember 2018 som hovudsakleg er lik dei føresetnadane som SFE har lagt til grunn.

Det er utarbeidd sensitivitetsanalyser som viser konsekvensane for pensjonskostnader og – forpliktingar av å endre dei viktigaste parameterane. Resultatet er presentert i ein tabell. Endringa i kostnad gjeld pensjonskostnad i 2019 medan endring i forplikting gjeld pr. 31.12.2018.



SFE Nett AS	Endring diskonteringsrente		Endring lønn	
	1 %	-1 %	1 %	-1 %
Sensitivitetsanalyse - beløp i 1 000 kr				
Endring kostnad	-1 450	2 002	1 299	-1 025
Endring forplikting	-44 016	58 239	20 900	-17 017
	Endring G		Endring avgang	
	1 %	-1 %	1 %	-1 %
Sensitivitetsanalyse - beløp i 1 000 kr				
Endring kostnad	614	-481	-34	36
Endring forplikting	35 823	-28 098	-52	49

Demografiske føresetnader

SFE vurderer dødelighetstabellen K2013BE som det beste estimat for dødelighet i dei aktuarielle berekningane pr. 31.12.2018. Begrepet K2013BE vert nytta av Finans Norge som omtale av det beste estimatet på dødelighetsgrunnlag basert på Finanstilsynet gjeldande forsikringstekniske berekningsgrunnlag i kollektiv pensjonsforsikring (K2013). Uføretabeller er basert på K63.

Kurva lønsvekst

Forventa individuelt karrieretillegg i SFE sine berekningar av pensjonsforplikting legg til grunn Gabler sin regresjonsmodell. Modellen brukar alder som ein forklaringsvariabel for storleiken på arbeidstakaranes sine individuelle karrieretillegg. Ut frå historiske bestandsdata i pensjonskassa, er det laga ei lønskurve som viser at den gjennomsnittlege veksten i individuelt karrieretillegg for tilsette i SFE er fallande med alder.

Berekningar viser at kurva lønsvekst gjev lågare pensjonsforplikting enn ved bruk av lineær lønskurve.

Følgjande føresetnader er brukt i berekningane:

	2018	2017
Årleg avkastning	2,60 %	2,35 %
Diskonteringsrente	2,60 %	2,35 %
Årleg lønsvekst	2,75 %	2,50 %
Årleg vekst G-beløp	2,50 %	2,25 %
Regulering av løpande pensjonar	1,75 %	1,50 %
AFP-uttak	25 % ved 62 år	25 % ved 62 år
Demografiske føresetnader	K2013BE, K63	FNH2013
Frivillig avgang	45 år: 4,5 % 45-60 år: 2,0 % Etter 60 år: 0,0 %	45 år: 4,5 % 45-60 år: 2,0 % Etter 60 år: 0,0 %



Pensjonskostnader - midlar og forpliktelsar.

Beløp i 1 000 kr	Sikra ordning	Usikra ordning	Samla 2018	Samla 2017
A. Pensjonskostnad				
Årets pensjonsopptening	7 237	804	8 041	6 438
Arbeidsgiveravgift av årets opptening	767	85	852	682
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	6 401	454	6 855	5 425
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	-5 607	0	-5 607	-5 042
Administrasjonskostnader	1 775	0	1 775	2 070
Total pensjonskostnad	10 573	1 343	11 917	9 574
B. Balanseført pensjonsforplikting				
Brutto pensjonsforplikting ved periodens slutt	283 737	17 074	300 811	295 256
Midlar ved periodens slutt	248 530	0	248 530	236 706
Balanseført pensjonsforplikting inkl arb.g.avgift	35 207	17 074	52 281	58 550
C. Endring i netto pensjonsforplikting				
Pensjonsforplikting i inngående balanse	39 217	19 334	58 550	23 939
Resultatført pensjonskostnad	10 573	1 343	11 917	9 574
Aktuarielt tap (+), gevinst (-) ført mot egenkapital	121	-3 603	-3 481	37 056
Innbetalingar inkl. arb.g.avg	-14 704	0	-14 704	-12 017
Balanseført pensjonsforplikting ved slutten av perioden	35 208	17 074	52 281	58 550

Den samla pensjonskostnaden i 2018

Beløp i 1 000 kr

Pensjonskostnad ytelsesbasert ordning	11 917
Pensjonspremie pensjonsavtale leiande tilsette	116
Arbeidsgjevar sitt tilskot til innskotsbasert ordning	2 404
Sum resultatført pensjonskostnad	14 437

18. Langsiktig gjeld

Beløp i 1 000 kr	Lån 01.01.18	Aktuell rente	Nye lån 2018	Avdrag 2018	Restlån 31.12.18
Sogn og Fjordane Energi	150 000	5 år swap + 1,00%		150 000	0
Sogn og Fjordane Energi	200 000	5 år swap + 0,65%			200 000
Sogn og Fjordane Energi	325 000	5 år swap + 1,50%			325 000
Sogn og Fjordane Energi	50 000	5 år swap + 1,15%			50 000
Sogn og Fjordane Energi	250 000	5 år swap + 0,85%			250 000
Sogn og Fjordane Energi		5 år swap + 1,20%	300 000		300 000
Sum	975 000				1 125 000

All lånegjeld er konsernintern og har forfall innan fem år etter avslutning av rekneskapsåret.

Beløp i 1 000 kr	2019	2020	2021	2022	2023	Etter 2023
Avdrags-/forfallsstruktur:						
Sogn og Fjordane Energi	200 000	325 000	50 000	250 000	300 000	0



19. Pantsetjingar og garantiar

SFE Nett er deltakar i konsernet Sogn og Fjordane Energi si konsernkontoavtale og er solidarisk ansvarleg for rett oppfyljing av plikter som måtte oppstå under konsernkontoavtala og tilknytta kassakredittavtale, garantiar og avtale om trekkrett. Ramma for kassakreditt er på 100 mill.kr., og trekkrett er på 300 mill. kr. SFE-konsernet har gjeve negativ pantsettingserklæring til Danske Bank, Nordiske Investeringsbanken, Handelsbanken og knytt til opptekne obligasjonslån.

SFE Nett har kausjonsansvar for kr. 250.000 for lån til tilknytta selskap Etrygg AS.

20. Konesesjonar

NVE har etter heimel i lov av 29. juni 1990 (energilova) gjeve SFE Nett AS konsesjon til omsetting av elektrisk energi (omsettingskonsesjon) fram til 31.12.2020. SFE Nett har i tillegg anleggskonsesjonar og områdekonsesjonar i selskapet sitt forsyningsområde. Områdekonsesjon gjeld til 01.01.2046. Det er ved behov fornying av SFE Nett sine anleggskonsesjonar prioritert ut frå auka effektbehov på grunn av nye kundar eller ny produksjon samt tilstand og alder på nettkomponentane. Slike konsesjonar vert handsama fortløpande og dei nyaste konsesjonane har fått gyldighet på 30 år.

21. Usikre forhold

SFE Nett sin inntektsramme består av en vedteken del, samt ein del som er rekna ut basert på investeringar og avskrivningar. Dette beløpet vert først endeleg når NVE fattar vedtak om meir-/mindreinntekt hausten 2019. Evt. estimatavvik som følgje av dette skal ikkje være vesentleg.



#1441044-3

SFE NETT Styret si melding for 2018

Verksemda si art og tilhaldsstad

Generelt

SFE Nett AS har ansvar for overføring av elektrisk energi og bygger ut, driftar og eig både sentralnett, regionalnett og distribusjonsnett i Sunnfjord og Nordfjord, samt sentralnett i deler av Sogn og på Sunnmøre fram til Haugen (Ørsta). SFE Nett AS har 24814 nettkundar mot 24626 i 2017. SFE Nett AS er av NVE gitt rolla som utgreiingsansvarleg for kraftsystemet i Sogn og Fjordane. Direktør i SFE Nett AS har KDS-funksjonen (Kraftforsyningens distriktssjef) for Sogn og Fjordane, dvs koordinering av dei andre KBO-einingane i beredskapssamanheng.

SFE Nett AS er i hovudsak ei monopolverksemd. Selskapet si årlege inntektsramme vert bestemt av NVE. Selskapet eig og bygger ut breibandsnett i regionen. SFE-konsernet er medeigar i breibands-selskapet Eninvest AS, og SFE Nett AS har eit nært samarbeid med dette selskapet.

Som for andre nettselskap er DLE (det lokale eltilsyn) ein del av verksemda. Det formelle DLE-ansvaret ligg i SFE Nett AS, men vi er medeigar i selskapet Etrygg AS, og bestiller kontrollar og informasjonstenester, som Etrygg AS utfører på vegne av SFE Nett AS.

SFE har felles visjon for selskapa under SFE-paraplyen: "Kraft til å påverke framtida"

Selskapet sitt forretningskontor er i Flora kommune.

Nettet sin tilstand og utvikling av nettet

Levert kraft til sluttkundane var i 2018 711 GWh mot 680 GWh i 2017. Auken er på 31 GWh eller 4,6%.

SFE Nett har god leveringskvalitet, noko som vert synleggjort ved vår årlege avbrotstatistikk. Mål for leveringskvalitet er oppetid på 99,975%, eller ILE/LE (ikkje levert energi dividert på levert energi) på 0,025%. I 2018 var ILE/LE 0,017% om ein ser vekk frå planlagt og avtalt utkobling for ein større industrikunde, men 0,059 om dette er hensynteke.. Dette svarar økonomisk til ein kostnad for SFE på 7,9 mill. kroner. Tilsvarende tal i 2017 var 0,021% og ein kostnad på 7,2mill kr. Gjennomsnittleg hadde nettkundane som opplevde straumbortfall ei utetid på 184 minutt mot 202minutt i 2017. I 2018 var det ingen store enkeltutfall som berørte større områder pga ekstremvær eller liknande, mest omfattande uvær var nyttårsorkanen 31.des 2018. Dei største enkeltstående KILE-omkostningar skuldast planlagt utkobling i samband med nettførsterking. Store nettinvesteringar dei siste åra gjer at nettet er meir robust, og at risikoen for avbrot er redusert.

Fortsatt drift

Rekneskapen er sett opp med føresetnad av fortsatt drift.

Framtidsutsikter

Det er venta eit betre resultat i 2019 enn i 2018. Hovudårsaka er høgare inntektsramme samt effektivisering/kostnadsreducerande tiltak.

Investeringsprogrammet har vore høgt, og dette held fram i 2019 og åra framover. Kva konsesjonar og investeringsbeslutningar som vert gjort for ny kraftproduksjon vil i vesentleg grad påvirke investeringsbehovet. Slik dagens inntektsrammeregime er utforma vil raskt aukande nettkapital samanlikna med det typiske for bransjen medføre lågare målt effektivitet, og dermed lågare avkastning. Det er viktig å arbeide for at denne type negative utslag av dagens nettregulering vert endra. Mellom anna grunna tendensen til synkande målt effektivitet, og der SFE Nett spesielt har auka kapitalutgifter samanlikna med bransjen, har det hausten 2018 vore arbeidd med ein løsemndforbetningsprosess, der tiltaka vert sett i verk frå 2019 og framover.

Inntektsrammeregulering:

Ei utfordring for SFE Nett er at inntektsrammereguleringa kan medføre lågare målt effektivitet og dermed reduserte inntekter dersom investeringsnivået er høgare enn det typiske for bransjen. Med dei store investeringane som SFE Nett og regionen står ovanfor, både med tanke på reinvestering og nettinvesteringar utløyst av ny fornybar energi, er det viktig å sikre at investeringsutfordringane er hensynteke i nettreguleringa. Dette gjeld allment, men spesielt for investeringar i regionalnettet.

Nettariffregime:

Nasjonale politiske føringar og rapportar frå NVE har peika på at nettinvesteringar øyremerka nettkapasitet for ny, fornybarinvesteringar er ei nasjonal satsing og skal ikkje gå utover kundane i fornybarområda. Dessverre har ikkje styresmaktene funne løysing på dette. SFE Nett arbeider løpande med dette temaet. Stortinget vedtok våren 2018 å gje regjeringa/OED i oppdrag å utgreie ulike modellar for tariffutjamning. Stortinget peika på at dette ikkje vart følgd opp tilfredsstillande, og i budsjettforliket/regjeringsforhandlingane er det på nytt vedteke at ulike utjamningsmodellar skal utgreiast og leggast fram for Stortinget som eiga sak. Inneverande tidsfase for problemstillinga er avgjerande viktig, og SFE Nett har møtt sentrale politiske parti sine representantar, samt deler av energi&miljøkomiteen, i 2017 og 2018 med formål informasjon og påverknad i desse sakene.

Endring av energilova

Stortingsprp. nr 35 om Endringar i energilova vart lagt fram i desember 2015. Proposisjonen skal legge til rette for implementering av EU sitt eldirektiv 3 i norsk lovgjeving og norske forskrifter, og er også ei oppfølging av ein ekspertrapport om ei betre nettorganisering (Reitenutvalet). Stortinget har handsama framlegget, og gjort lovendringsvedtak i samsvar med tilrådinga. Av endringane er det særleg desse punkta som medfører endringar for SFE Nett

- Dagens tre nettnivå sentralnett, regionalnett og distribusjonsnett vert erstatta av nettnivåa transmisjon og distribusjon. Transmisjon er i hovudsak dagens sentralnett, i hovudsak alt nett over 200kV, og 132kV med vesentleg betydning for drifta av øvrig transmisjonsnett. OED fastsett kva som er transmisjonsnett. Bl.a vert heile

Driftsresultatet i 2018 er 57,1 mill. kr, ei auke på 16,3 mill. kr. samanlikna med 2017. Resultat etter skatt er 34,8 mill. kr, ei auke på 9,5 mill. kr målt mot 2017.

Balansen:

Sum varige driftsmidlar er i 2018 auka med 77,8 mill. kr til 1.563,7 mill. kr. Finansielle leigeavtaler utgjer 107,1 mill. kr av langsiktige fordringar. Akkumulert mindreinntekt nettleige på 1,5 mill. kr ved starten av året er endra med 9,9 mill. kr til ei meirinntekt på 8,4 mill. kr ved utløpet av 2018.

Selskapet har ein eigenkapital på 557,1 mill. kr eller 28,8 %. Pr. 2017 var eigenkapitalen på 30,9 %.

Pensjonsforplikting er redusert med 6,1 mill. kr til 52,3 mill. kr. Selskapet si rentebærande langsiktige gjeld er auka med 150 mill. kr til 1.125 mill. kr.

Kontantstraumanalyse/likviditet:

Selskapet har ein positiv kontantstraum frå drifta på 92,3 mill. kr. Det er brukt 175,6 mill. kr på investeringar og det er ein positiv kontantstraum frå finansieringsaktivitetar på 83,5 mill. kr. Til saman gjev årets endringar ei auke i beholdning av kontantar på 133 tusen samanlikna med 2017.

Morselskapet som konsernbank finansierer SFE Nett AS.

Styret er ikkje kjend med at det har oppstått hendingar etter balansedagen som har vesentleg innverknad på resultat og balanse pr. 31.12.2018 eller på selskapet si framtid.

FoU

SFE Nett har i 2018 delteke i fleire FoU-prosjekt av ulik storleik. Dei to største er «FME CINELDI» og «ASTRUM», og eit mindre prosjekt kalla «Optimal beredskap GIS-anlegg». Sistnemnte er no avslutta.

Mot slutten av året vart SFE Nett også engasjert som bidragsytar i eit nytt prosjekt kalla «Elektrifisering av transportsektoren».

- «FME CINELDI» er eit stort prosjekt som skal sørge for at vi byggjer smarte energisystem i framtida. Prosjektet har 31 partnerar, går over 8 år, frå 2017 til 2025, og har ei samla ramme på 360 MNOK der SFE sin del er 4,8 MNOK jamt fordelt på kontantbidrag, demoområde og timeinnsats.
- «ASTRUM» er oppfølgjar til «Braadland»-prosjektet som vart avslutta i 2016, og som medførte konkrete resultat i form av programvaren Connected Grid. I 2017 gjorde SFE Nett avtale om å hente ut verdi av denne FoU-aktiviteten gjennom å ta i bruk programvaren Connected Grid i heile organisasjonen. «ASTRUM» går over ein periode på 3 år, frå 2017 til 2019, og vil bygge vidare på plattformen Connected Grid for å utvikle nye løysingar for smarte nett basert på AMS, BigData, maskinlære og ny IoT teknologi. Prosjektet har ei samla ramme på 30 MNOK der SFE Nett sin del er 6,7 MNOK fordelt på kontantbidrag og timeinnsats. Prosjektet vart i 2017 gjennomført i regi av eSmart saman med 4 kundepartnerar (SFE Nett, Glitre, Norgesnett og Ringerikskraft Nett). Frå og med 2018 vart det i tillegg med ein femte kundepartner

SFE har nullvisjon for skade pga arbeidsuhell. Styret er uroa over at skadetala er høgare enn ønskjeleg og høgare enn interne mål og bransjemåla, men tilfreds med dei tiltaka som er iverksett. SFE-konsernet med sine verksemder er tilslutta avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA), og det er utarbeida konkrete mål for å oppfylle føremålet med IA-avtalen, mellom anna i høve oppfølging av sjukmelde.

SFE Nett har mål om å vere ein arbeidsplass med full likestilling mellom kvinner og menn, og ved nytilsetningar vert kvinner spesielt oppmoda om å søke. Det er kvinner i alle deler av organisasjonen. SFE Nett har klart flest tilsette av kategoriane energimontør og energiingeniør, der begge desse kategoriane, og spesielt energimontør, historisk og framleis er typisk «mannsdominerte yrke». Styret er ikkje kjend med at det har vore ulik handsaming av personalet i strid med lov om likestilling. Selskapet har slik kjønnsfordeling basert på tal årsverk:

SFE Nett hadde pr. 31.12.2018 143 tilsette, av dette 125 menn og 18 kvinner. Dette inkluderer 12 lærlingar. Pr. 31.12.2017 var antal tilsette 149, dvs ein reduksjon på 6 personar. Det er utført 144.25 årsverk, mot 150 årsverk i 2017.

Leiargruppa på øvste nivå består av 4 personar, av dette ingen kvinner. Utover leiarar på øvste nivå er det 6 mellomleiarar, av dette ei kvinne.

Styret har 4 medlemmer samansett av 3 aksjonærvalde og 1 vald mellom dei tilsette. Styret har ingen kvinnelege medlemmer.

Ytre miljø

Ser ein bort frå reiseverksemda, medfører ikkje aktiviteten til SFE Nett AS forureining eller utslipp som kan skade det ytre miljøet. Kraftleidningar, kabelgrøfter og transformeringsanlegg medfører inngrep i natur og miljø. I samband med nye anlegg vurderer SFE Nett AS nøye miljømessige konsekvensar, blant anna tilpassing til terreng. Spesielt har traseval i forhold til naturinngrep og elektromagnetiske felt fått auka merksemd.

Alt straumforbruk i selskapet er dekkja ved opphavsgarantiar frå SFE sin eigenproduksjon i Åskåra 1. Forbruket er såleis dokumentert som ikkje-forureinande og i tråd med ordninga slik NVE føreskriv.

Det er innført kjeldesortering for avfallshandteringa, og alle bygga har godkjent avfallsplan. SFE Nett AS sine lokale i Florø (hovudkontor for SFE Nett AS), og Sandane (hovudkontor for konsernet) er begge miljøfyrtårn-sertifisert. Montørlokasjonen i Florø er flytta til nytt lokale på Trolleskjæret i Florø, og planen er å flytte all aktivitet i Florø dit i 2019.

Eigarstyring og selskapsleiing

Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) utarbeider tilråding for eigarstyring og selskapsleiing. Tilrådinga skal bidra til å klargjere rolledeling mellom aksjeeigarar, styre og dagleg leiing utover det som føl av lovgivning. SFE er ikkje pålagt gjennom lov eller regelverk å følgje denne tilrådinga, men har likevel valt å følgje tilrådinga så langt den er relevant. På SFE si heimeside vil ein finne SFE si vurdering av status i forhold til NUES si tilråding.



Samfunnsansvar

Samfunnsansvar for SFE omfattar mellom anna vår økonomiske verdiskaping for offentlege eigarar og våre lokalsamfunn, produksjon av kraft frå fornybare energikjelder, utvikling og drift av ein kritisk infrastruktur for samfunnet, ein bærekraftig og mest mogleg skånsam bruk av naturen, og omfattande samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.


Fleire av desse områda er omtalt andre stadar i årsmeldinga. Når det gjeld SFE-konsernet si sponsorverksemd, så omfattar den samarbeid med rundt 80-90 frivillige lag og organisasjonar kvart år. Dette er ein viktig del av vårt samfunnsansvar, samstundes som det er ein arena der vi profilerer vår merkevare. Hovudvekta av slike samarbeid skjer i våre eigarkommunar, der vi har større nett- og produksjonsprosjekt eller kundekonsentrasjonar, eller gjennom fylkesdekkande organisasjonar. Vi søkjer ein rett balanse mellom idrett, kultur og utdanning/kompetanse i vår miks av samarbeid.


Årsresultat og disponeringar

Styret foreslår slik disponering av årsoverskotet i selskapet:


Avgitt netto konsernbidrag	kr. 15.015.000,00
<u>Overført til anna egenkapital</u>	<u>kr. 19.799.635,31</u>
Årsresultat	kr. 34.814.635,31


Florø 18.mars 2019


Erling Sande
-styreleiar-


Martin Holvik
-nestleiar-


Jens Skår
-styremedlem-


Per Martin Haavik
-styremedlem-


Asgeir Aase
-dagleg leiar-



Deloitte AS
Lars Hilles gate 30
Postboks 6013 Postterminalen
NO-5092 Bergen
Norway

Tel: +47 55 21 81 00
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i SFE Nett AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert SFE Nett AS sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 34.814.635. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap og kontanttraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultatata og kontanttraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstjenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkja, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis driftføresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekkja i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.



Deloitte

side 3
Melding frå uavhengig revisor –
SFE Nett AS

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovenfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleig registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Bergen, 18. mars 2019
Deloitte AS

Helge-Roald Johnsen
statsautorisert revisor